

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 25.02.2016

SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- REVISJON AV LOKAL FORSKRIFT OM GEBYR(MAL) FOR TEKNISK FORVALTNINGSTENESTE
- KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2016 - 2020. PROSESS OG FRAMDRIFTSPLAN
- EVALUERING AV PLAN FOR BUSETJING AV FLYKTNINGAR. BUSETJINGSTAL 2016 - 2019.
- HØYRING - FRAMLEGG TIL NYTT INNTEKTSSYSTEM FOR KOMMUNANE
- DELEGASJONSREGLEMENT FOR GULEN KOMMUNE - REVISJON 2016
- BEREDSKAPSPLAN FOR GULEN KOMMUNE - REVISJON 2016
- REVISJON AV PERMISJONSREGLEMENTET
- KOMMUNESTRUKTURPROSESS. INTENSJONSAVTALAR. GULEN-MASFJORDEN

Stad: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik
25.02.2016 kl. 10:00.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Frå ordføreren

Eit stort og viktig arbeid for kommunen vår går no inn i ein slutfase.



Alle kommunane her i landet er pålagde av Stortinget å forhandle med nabokommunane for å sjå på om det er formålstenleg for oss å slå oss saman til ein større kommune. I dette arbeidet skal det takast ei avgjerd innan 1. juli. Vi har forhandla fram ein intensjonsavtale med Masfjorden kommune, og forhandlar også med alle kommunane i Nordhordland. Desse avtalene skal opp til godkjenning i kommunestyra, for vår del no den 25.februar.

Dersom desse vert godkjende i kommunestyre vil vi arrangere folkemøte rundt i krinsane der vi presenterer avtalene. Vi vil vidare ha ei rådgjevande folkerøysting i mai, før vi i kommunestyremøtet i juni må gjere det endelege vedtaket om kommunen vår skal slå seg saman med ein eller fleire av nabokommunane.

Som vi ser så er det viktige avgjerdsler for framtida som skal takast no i løpet av nokre månader. Eg håpar på eit stort engasjement hjå folk når vi skal rundt på folkemøta, og at de sender innspel på andre måtar inn til kommunen. Saklista og referat frå møta som vert haldne om dette temaet vert lagde ut på heimesida til kommunen så alle kan lese det der.

Det vert ei viktig tid for kommunen vår framover. Det dreier seg om kva som er det beste for innbyggjarane våre anten ein vel å stå åleine som i dag, eller ved å gå saman med andre.

Eg vonar på stort engasjement no framover, og gode innspel slik at vi som folkevalde kan gjere rette vedtak i ei så viktig sak for folket i Gulen.

Hallvard Oppedal

Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimeside www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt



I dag pågår 8 arealplanar, blant anna følgjande:

Reguleringsplanar

Planarbeid pågår
2008001 Taksebotn hytter
2009005 Dingeneset sør hyttegrend
2011001 Storevågsneset, Brandanger
2013003 Gulen industrihamn, reguleringsendring
2014002 Brandanger 75/1,3,5 spreidd bygg

Planarbeid med planprogram

2014006 oppdrettsanlegg Ortneset, Brekke

Planforslag for 1. gongs høyring

2014003 veg Skipavika – Brandangerbrua
Fv4 høyringsfrist 19.02.2016

Planforslag med mindre endring

1999004 Børtnes gbnr. 95/24, bustader,
planlagt i HPU-møte 14.04.2016

Anna plan-nytt

Mindre endring av kommuneplanen sin
arealdel vart godkjent dagsett 15.12.2015.

Godkjenning av 7 digitaliserte
disposisjonsplanar frå før 1985 som mindre
endring i HPU-møte 11.02.2016.

Prosjekt-Nytt

- Forstudie symjehall på Dalsøyra,
muligheitsstudie pågår
- Anbudsrunde for trafikktiltak snuplass
Byrknes skule.
Tilbudsfrist fredag 12.02.2016
kl. 13.00
- Utføring uteplass og klatrepark for
Brekke barnehage og skule
- Prosjekt leilegheitsbygg Monsverket
Eivindvik
- Utgreiing for vassverk på Ånneland
- Vassforsyning søre Gulen, Sløvåg

Kunngjering - budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019

Budsjett for Gulen kommune 2016 og
økonomiplan 2016–19 vart vedteke i
kommunestyre 10.12.2015.
Detaljinformasjon om budsjettet finn du på
kommunehuset eller på heimesida
www.gulen.kommune.no

Nye betalingsattsar for 2016

Kommunestyret vedtok 10.12.2015 nye
attsar for gebyr, avgifter osv.

Detaljinformasjon om dei nye satsane finn
du på kommunehuset eller på heimesida
www.gulen.kommune.no

Næringsfond

Det kommunale næringsfondet skal nyttast
til å fremje etablering av ny verksemd og til
utvikling av næringslivet. Fondet kan òg
nyttast til infrastrukturiltak og tiltaksarbeid.

Meir info ligg på heimesida
www.gulen.kommune.no. Ta elles kontakt
med GMU (Gulen og Masfjorden Utvikling
AS), som er Gulen kommune sitt
næringsapparat, om du har ein ide du
ynskjer å gå vidare med og ynskjer å søkje
om midlar frå næringsfondet.

Gulen og Masfjorden utvikling AS (GMU)
Sløvågen 2
5960 Dalsøyra
Telefon 476 05 190
E-post: solveig@gmu.no

Etableringstilskot til bustad

Er du ung og ynskjer å busette deg i
kommunen?

Det kan etter søknad gjevast
etableringstilskot til bygging av nye
bustader i Gulen kommune eller til kjøp
og/eller restaurering av eldre bygningar.

Fullstendige retningslinjer og framgangsmåte
for etableringstilskot finn du på heimesida til
kommunen under linken Etableringstilskot.

Informasjon om språk- kafè i Eivindvik



I haust har flyktningkonsulent og Gulen
Frivilligsentral arrangert språkkafear kvar
14. dag i gamle kommunehuset i Eivindvik.
Det har vore godt oppmøte og god
stemning. No når kafèen har blitt etablert
som ein aktivitet, tenkjer vi at kvar 14. dag
kan vere litt for ofte for å oppretthalde
besøkstalla. Difor ynskjer vi gjere nokre
endringar og legge litt meir fagleg innhald
inn i konseptet frå nyttår.

**I 2016 arrangerer vi kafè fyrste onsdag
i månaden, kl. 17.00-19.00.**

**Det vil bli aktivitetar som spel, quiz,
tema-stasjonar, o.a. - saman med kaffi
og noko attåt.**

Vi ynskjer og fleire frivillige som kan vere faste vertar.

Flyktningkonsulent og dagleg leiar for Frivilligsentral trekkjer seg ut av sjølve arrangementet og vil ha fokus på å etablere liknande tiltak i andre delar av kommunen. Pga. kapasitet kan vi ikkje drifte alle tiltak sjølve. I dag har vi to stk. engasjerte damer som er gode støttespelarar, og vi treng fleire.

Kan du bidra som vert eller bake ei kake i løpet av ein 3 mnd. periode? Kan du komme innom og fortelje om eit tema som er spesielt for kommunen vår?

Ta kontakt med Vivian på Frivilligsentralen, telefon 926 22 607

Vel møtt på Språk-kafé i Biblioteket også i 2016 ☺

Internasjonal kveld i Brekke



Gulen Frivilligsentral inviterte til Internasjonal kveld i Brekke 28.01.2016. Målet med kvelden var å møte nye sambygdingar, og å få ut litt informasjon frå lag og organisasjonar om kva aktivitetar som er mogeleg å delta på i bygda. Laga vart invitert til å komme og informere, eller lage ein stand

med informasjon.

Vi møttest på skulekjøkkenet der vi laga mat, alle bidrog med noko frå sin del av verda. Vi var 38 personar, og det var tidvis høgt nivå på skulekjøkkenet. Kaker, salatar, brød, syriske kjøttrettar, norsk fiskesuppe, kyllingsuppe frå Thailand, rømmegraut, osv vart trylla fram. Vi bygde på langbordet etter kvart som rettane vart ferdige, og alt låg til rette for eit uforgløyemeleg måltid! Det lukta og smakte fantastisk, og stemninga var god. Borna leika, ungdommen tok i bruk gymsalen og dei vaksne prata.

Frivilligsentralen vil takke alle som kom og var med, og håpar at alle har fått nokre nye og prate med om ein treffast.

Skal du noko? Inviter med ein ny ven!

Allmøte for alle frivillige lag og organisasjonar i Gulen kommune



måndag 07.03.2016 kl 20.00 på Dalsøyra samfunnshus.

Saker:

- Informasjon frå Frivilligsentralen
- Aktivitetskalendar
- Informasjonsbrosjyrer på ulike språk
- Val av ny representant frå lag og organisasjonar til styret i Frivilligsentralen.

Saker frå laga (meld inn til Vivian innan torsdag 03.03.2016)
Vel møtt!

Barselgruppe

Gulen Helsestasjon startar opp igjen med barselgrupper for foreldre og barn mellom 0-1 år første måndag i kvar måned.



Stad: Eivindvik helsestasjon
Tid: kl: 11-13

Nokon gangar legg me opp til tema, andre gangar legg me meir opp til generell informasjon frå helsestasjonen og drøfter tema eller spørsmål som de har.

På barselgruppene blir det tid til å bli kjent med andre foreldre og barn i kommunen. Det blir opa dør til helsesøstre og enkel servering.

1. februar: *Tilknytting og samspel* med Helsesøster Hennie og Linda

7. mars: *Søvn og søvnmønster* med helsesøster Hennie og Linda

4. april: *Førstehjelp til spedbarn/barn* med Jorun Halland og Malin Steine

2. mai: *Mi første tann* med tannpleiar Susan Norman

6. juni: *Språkutvikling* med logoped Gro Sandnes

Mvh

Hennie Lefdal og Linda M. Hantveit
Gulen Helsestasjon, Eivindvikvegen 1102, 5966 Eivindvik

NAV Gulen minner om:



Nye adresser for innsending av sjukmelding:

Frå 15.06.2015 skal sjukmeldingar som sendes i posten og inntektsopplysnings skjema sendes til nye adresser i NAV.

Arbeidsgjevar

Arbeidsgjevar skal sende inntektsopplysnings skjemaet og kravet om sjukepengar til NAV Forvaltning i den tilsette sitt bustadfylke.

Sjukmeldt

Viss du mottar sjukepengar direkte frå NAV og ikkje via arbeidsgjevar, skal du sende kravet om sjukepengar (sjukmeldingas del D) til NAV Forvaltning i ditt fylke. Viss arbeidsgjevaren din betaler lønn under sjukdom, skal du levere kravet om sjukepengar (sjukmeldingas del D) til arbeidsgjevaren. Spør arbeidsgjevar viss du er usikker.

Adresse i Sogn og Fjordane og Hordaland er:

Sogn og Fjordane

NAV Forvaltning Sogn-Fjordane – D-skjema
Fossetunet 3
6856 Sogndal

Hordaland

NAV Forvaltning Hordaland 01 – D-skjema
Postboks 6244 Bedriftssenter
5893 Bergen

Hjortejakta 2015

Siste rapport etter jakta 2015 er endeleg kome inn. Det var tildelt 749 dyr og felt 561, dette gir ein fellingsprosenten er på 75%.

Fellingsprosenten er den lågaste me har hatt dei siste åra, men tal felte dyr er om lag det same som i 2009.

Fullstendig resultatet frå jakta 2015 finn du på heimesida www.gulen.kommune.no

Tusen takk for minnegåver til Byrknes bu og omsorgssenter i 2015, og for minnegåver i forbindelse med Toril Nyheim si gravferd.

Mvh Bebuarar og personale



Fortsatt foreldre

FORTSATT FORELDRE er eit kurs for deg som ynskjer å skape eit GODT NOK foreldresamarbeid med ekspartner etter samlivsbrotet - til beste for barna.

Mange foreldre slit med samarbeidet med den andre forelderen, uavhengig av om det har gått kort eller lang tid sidan samlivsbrotet.

På kurset får du moglegheit til refleksjon og bevisstgjerung rundt rolla di som forelder og samarbeidspartner. Du får hjelp til å møte konflikhtar på ein konstruktiv og løysingsorientert måte. Du vil møte andre foreldre som har barn med ein dei ikkje bur saman med.

Formålet med kurset «Fortsatt foreldre» er at barna skal få oppleve at foreldra klarar å samarbeide og kommunisere etter brotet, slik at barna sin kvardag blir mest mogleg forutsigbar og trygg.

Dato og tid for FORTSATT FORELDRE-kurset er:
Onsdag 09.03.2016 kl. 12-17

Stad: Scandic Sunnfjord Hotell og Spa, Storehagen 2, Førde – 2. etg.

Kursleiarar: Kristin Eimhjellen og Katharina Jamaris

Tema på kurset:
Brotprosessen
Kommunikasjon, konflikt og samspel
Å sjå barna sin livssituasjon
Foreldre-samarbeidet
Vegen vidare
Kurset er gratis

Påmelding innan 22. februar 2016 til:
Familiekontoret i Førde: tlf. 466 19 280
(tasteval: 1), på nettsida vår bufdir.no/Familie/Kurs eller e-post: familiekontora.sunnfjord-sogn@bufetat.no